
**SKJEMA FOR INNSPEL TIL KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL 2023 - 2035**

<b>1. Informasjon om forslagsstiller</b>			
Namn: Per Bjarte Hanstveit	Adresse: Hanstveitmyra 30	Tlf: 48168813	Epost: Per.b.hanstveit@ icloud.com
<b>2. Informasjon om eigedom</b>			
Gardsnr.	Bruksnr.	Grunneigar	
103	3	Sylvi Ann Hanstvedt og Per Bjarte Hanstveit	
<b>3. Informasjon om arealbruk idag</b>			
Kva er arealføremålet i gjeldande kommuneplan: Planområdet er avsett til noverande bustad- og LNFR-areal i kommuneplanen sin arealdel. Tiltakshavar har ynskje om å legge området til rette for bustadbygging			
Kva vart arealet nytta til tidlegare? Bustadområde Beitemark - Tidlegare nytta tidvis til beitemark for sauer.			
Kva er bruken i dag? Siste 15 år har arealet for beitemark ikkje vorte nytta.			
<b>4. Informasjon om ny arealbruk</b>			
Kva ny arealbruk er ønska? Bustadområde			
Kva er bakgrunnen for endra arealbruk: Viser til søknad frå ARD Arealplan på vegne av tiltakshaver Per Bjarte Hanstveit sendt til Osterøy Kommunen 30.01.2019 «Forespurnad om Oppstart av Detaljreguleringsplan for HNR 103 BNR 3 Hanstveit III Fotlandsvåg» - søknaden er vedlagt. Det vises også til tidlegare søknad av 31.01.2017 frå Per Bjarte Hanstveit			



Beskriv omfang av planlagt arealbruk både på land og i sjø:

Viser til søknad frå ARD Arealplan på vegne av tiltakshaver Per Bjarte Hanstveit sendt til Osterøy Kommunen 30.01.2019 «Forespurnad om Oppstart av Detaljreguleringsplan for HNR 103 BNR 3 Hanstveit III Fotlandsvåg» - søknaden er vedlagt.

Det vises også til tidlegare søknad av 31.01.2017 frå Per Bjarte Hanstveit

#### 5. Kart

Område for arealendringa skal teiknast inn på kart i målestokk  $\approx 1:1000$ . Underlagskart kan printast ut frå <https://www.nordhordlandskart.no/osteroy> eller ta kontakt med kommunen. Kartskisse skal leggast ved søknadsskjema. Må merkast med gnr/bnr. på det aktuelle arealet og med namn på forslagsstiller.

Kartskisse inngår i søknaden frå ARD Arealplan datert 30.01.2019

#### 6. Alle arealinnspel må så langt som råd er kunna gjennomførast og vera i samsvar med mål og arealstrategi i kommuneplanen sin samfunnsdel

Er arealinnspelet i samsvar med mål i kommuneplanen sin samfunnsdel:


JA \_\_\_\_\_ JA i stor grad \_\_\_X\_\_\_ NEI \_\_\_\_\_

Om ja: Kva mål høyrer innspelet inn under: Skriv mål:

**Innspelet er i samsvar med kommuneplanen sin samfunnsdel spesielt for måla:**

Mål 2 – Gode levekår og attraktive lokalsamfunn

Mål 3 - Framtidsretta og mangfaldig næringsliv



<b>Visjon: Osterøy kommune skal vera ein føregangskommune for berekraftig samfunnsutvikling</b>		
<b>Overordna målsetting om miljømessig berekraft</b>	<b>Overordna målsetting om sosial berekraft</b>	<b>Overordna målsetting om økonomisk berekraft</b>
Osterøy kommune skal forvalte areal i eit langsiktig perspektiv og til det beste for fellesskapet, og arbeide for reduksjon av klimagassutslepp og klimatilpassing i all forvaltning og i alle vedtak	Osterøy kommune skal ha ein systematisk og heilskapleg innsats for å gje innbyggjarane gode kvardagsliv i trygge omgjevnadar	Osterøy kommune skal arbeide for berekraftig økonomisk vekst i kommunen, og leggja til rette for verdiskaping innaføre rammene av miljømessig og sosial berekraft
Mål 1	Mål 2	Mål 3
Berekraftig forvaltning av livsgrunnlaget	Gode levekår og attraktive lokalsamfunn	Framtidsretta og mangfaldig næringsliv

**Fylgjande vil også nevast:****Utvikling og endringar i bustadmønster**

«For å oppretthalde den positive utviklinga må det leggest ein plan for korleis ein skal møte utfordringar i ei verd som er i rask endring. Strengare økonomiske rammevilkår, eit klima i endring, svingande konjunkturar, heile verda som marknad og eit grunnleggande skifte til eit berekraftig samfunn vil gi utfordringar og moglegheiter for kommunen. Samstundes vil teknologiendring og aukande digitalisering vil i nær framtid påverka kvardagen til ostringane. Fleire tenester vil kunne leverast utan personleg oppmøte, og heimkontor eller nære kontorfellesskap vil gje mindre pendling. Automasjon vil kunne endra kollektivtransport og møteplassar i lokalsamfunnet. Høve til samfunnsdeltaking vert lettare tilgjengeleg, og kan bidra til sosial utjamning hos innbyggjarane.»

**Varierte bustadsmiljø**

Med fleire eldre vil universell utforming av samfunnet og nærmiljøet bli enda viktigare. Det som gjer kvardagen enklare og meir tilgjengeleg for menneske med nedsett funksjonsnivå, er gjerne også bra for andre grupper i samfunnet som eldre og små barn. Varierte bustadmiljø gir folk moglegheit til å skifte bustad etter behov, utan å skifte nærmiljø. Varierte bustadmiljø med blanda befolkning er også positivt for samfunnet.

**Ein god stad å leve er óg ein god stad å vitje.**

Osterøy har mange naturperler og mange livskraftige bygder som utgjer eit godt grunnlag for besøksnæringar. Osterøy treng likevel fleire attraktive besøksnæringar, og då helst tufta på lokal kultur og natur. Framtidsretta verksemdar er lik «grøne» verksemdar. Eit døme på dette kan vere arbeidet med å omskape den historiske Herlandsfossen kraftverk i Fotlandsvåg som prydar framsida, til eit lokalt og regionalt berekraftssenter.

**Framtidsretta og mangfaldig næringsliv – krev attraktive bustader for ansatte.**

For kommunen sin del gjeld det å tilpasse ressursbruken i kommuneorganisasjonen til dei økonomiske rammene som til ei kvar til ligg føre, men óg leggje til rette for kommunesamfunnet har full sysselsetting, trygge arbeidsplassar og anstendig arbeid for innbyggjarane.



Er arealinnspelet i samsvar med mål i kommuneplanen sin arealstrategi:

JA \_\_\_\_\_ JA i stor grad  X  NEI \_\_\_\_\_

Om ja: Kva arealstrategi høyrer innspelet inn under: Skriv arealstrategi:

- Osterøy kommune skal halde fram med eksisterande senterstruktur og vidareutvikle denne med Lonevåg som kommunesenter, og Haus, Valestrand/Hauge og Fotlandsvåg som lokale sentra. Offentlege tenestetilbod skal i all hovudsak leggjast til desse sentra
- Osterøy kommune skal leggje til rette for vekst i tilknytning til eksisterande kommunesenter, lokale sentra og bygder, og gje høve for utviding for eksisterande næringsverksemd
- Hovudtyngda av bustadbygginga skal skje i regulerte område i tilknytning til kommunesenteret og lokale sentra. Utbygging kan óg skje i bygder der det er etablert kommunal infrastruktur
- Kommunen skal i størst mogleg grad fremje fortetting i kommunesenter, områdesentra og bygder. Nytt byggjeland kan takast i bruk etter behov innanfor dei rammene som arealstrategien set opp
- Osterøy kommune skal sikre gode bumiljø for innbyggjarar i alle livsfasar, og gjennom arealplanlegginga skal kommunen stimulera til auka differensiering i bustadmarknaden med omsyn til storleik, pris og eigedomstilhøve

Om nei: Kva arealstrategi kan arealinnspelet kome i konflikt med:

**Skjema skal sendast til e-post:**

[post@osteroy.kommune.no](mailto:post@osteroy.kommune.no)


**eller som post til:**

**Osterøy kommune  
Postboks 1,  
5293 Lonevåg**

**VIKTIG: Merk oversendinga med «Innspelet: Kommeplanen sin arealdel 2023 - 2035» og gnr/bnr. på det aktuelle arealet og namn på forslagsstillar**

**RETTLEIAR FOR UTFYLLING AV SKJEMA FOR AREALINNSPEL**

**KOMMUNEDELPLAN FOR SJØ OG STRANDSONA 2015-2025**



**1. Informasjon om forslagsstiller**

Fyll inn namn på person og/eller selskap som fremjar innspel om arealendring, i tillegg til kontaktinformasjon.

**2. Informasjon om eigedom**

Fyll inn alle gardsnr. og bruksnr. og den personen som står oppført som eigar på dei ulike areala.

**3. Informasjon om arealbruk i dag**

Sett inn det arealføremålet som ligg i gjeldande kommuneplan. Kommuneplanen finn du på kommunen si heimeside under «Planar og styringsdokument».

Gje eit kort skildring av kva området har vore nytta til og kva det er nytta til i dag, det vil seia om det er det gamalt landbruksareal, beitemark, badeområde, utfyllingsareal eller liknande.

**4. Endra arealbruk**

Gje ei kort skildring av kva føremål ein ynskjer å nytta arealet til. Det skal her opplysast om kva eventuelle bygningar skal nyttast til og kva resterande areal skal nyttast til, til dømes tilkomstveg, parkering og liknande. Hugs å ta med alle detaljer.

Grunngje bakgrunnen for kvifor ein ynskjer endra arealbruk.

Gje ei kort oversikt over omfang og storleik på tiltak som er planlagd, det vil sei tal på bygg, lengde og storleik på anlegg, trong for infrastruktur, terrengingrep og anna som er relevant for å etablera tiltaket.

**5. Kart**

Avgrensing av arealinnspelet må teiknast inn på eit kart i målestokk  $\approx 1:1000$ . Dette kan gjerast ved at ein går inn på <http://nordhordland.avinet.no/> Her vil ikkje målestokken kunne setjast til 1:1000 men bruk det som er tilnærma likt. Teikn inn avgrensing av heile området og eventuelle avgrensingar i sjølve arealet dersom det er ynskje om å avsette til fleire ulike føremål.

---

**Dersom det er spørsmål til korleis ein utformar innspela eller det er trong for hjelp til å fyller ut eller teikne inn føremål ver snill å ta kontakt med Osterøy kommune si planavdeling på tlf: 56 19 21 00. Dersom det er ynskje om hjelp eller anna rettleiing kan de òg kome innom til servicetorget eller planavdelinga til kommunen.**